



Etter 10. trinn:

### Forsking som samarbeid

Har du tenkt over korleis vitskapsfolk har komme fram til all kunnskapen som er samla i periodesystemet? I denne oppgåva skal du finne eksempel på forskrarar som har samarbeidd om å gjere grunnstoffoppdaginger.

Utforsk den digitale tidslinja, tidsreisegrundstoff.no, og finn eksempel på ei grunnstoffoppdaging der fleire vitskapsfolk har jobba saman. Lag ein veggplakat der du tar med følgjande informasjon:

- Kva for grunnstoff handlar det om?
- Kva for vitskapsfolk jobba saman?
- Kva gjorde dei ulike vitskapsfolka i samarbeidet?

### Eigenskapar til grunnstoffa

Mens nokre grunnstoff har vore kjent i mange tusen år, tok det lang tid før andre grupper av grunnstoff blei oppdaga. I denne oppgåva handlar det om å kunne bruke periodesystemet til å forklare kvifor det var vanskeleg å oppdage nokre grunnstoffgrupper. Bruk den digitale tidslinja tidsreisegrundstoff.no til å lese om metodane som blei brukt for å oppdage enten alkalimetalla (1807) eller edelgassane (1894).

- Skriv ei kort forklaring på kvifor alkalimetalla først blei oppdaga på 1800-talet, mens metall som sølv og gull var kjent frå oldtida. Bruk dine kunnskapar om periodesystemet i forklaringa.
- Skriv ei kort forklaring på kvifor det tok så lang tid før edelgassane blei oppdaga. Bruk dine kunnskapar om periodesystemet i forklaringa.